

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 26.10.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samråystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval for samferdsel og mobilitet støttar vurderingane kring moglege løysingar for å betre tilgangen til kollektivtilbodet i områder med låg kollektivdekning i Bergen sentrum.

I sentrumsområde med stort marknadspotensiale, og moglegheit for å køyre buss med høg frekvens og kapasitet, bør tilbodet styrkast. Tiltak bør i hovudsak gjennomførast innanfor eksisterande linjenett. Aktuelt tiltak er forlenging av busslinjer for å gi betre kollektivdekning for området Nordnes/Nøstet. Iverksetting bør skje i løpet av 2022, innanfor ei årleg kostnadsramme på inntil 3 MNOK finansiert med belønningsmidlar.

I sentrumsområde med lågt marknadsgrunnlag, og der det ikkje ligg til rette for å køyre frekvente og kapasitetssterke busslinjer, kan bestillingsbaserte tilbod vere ei løysing. Aktuelt område for denne type tiltak vil vere Nygårdshøyden/Møhlenpris. Utvikling av bestillingsbaserte løysingar inneber behov for ressursar og tid til utvikling, og vil eventuelt kunne skje på noko lengre sikt.

I arbeidet med konkretisering av tiltak skal dette skje i dialog med Bergen kommune.